



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 30.09.2022

Møteprotokoll Høyanger sokneråd

Møtedato: Onsdag 17.08.22
Møtetid: kl 18.00-20:00
Møtested: Høyanger kyrkjekontor

Tilstades:

May-Wenche Fossmark, Marit Tønning, Vidar Myren, Andreas Ester, Veronica Vågen og Lars Petter Amundrud

Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordfører Petter Sortland, kommunedirektør Ørjan Haram, kantor Gerda Otterstein, administrasjonssekretær Katarina Vattekar, kyrkjetenar Heike Müller og postmottak Høyanger kommune

Sakliste:

Innkalling vart godkjent utan merknader.

Sakliste: Det vart meldt inn ei ekstra orienteringssak som får nummer 033, ekstra vedtakssak får nummer 028/22. Møteprotokoll frå møte 31.05.22 vart godkjent utan merknader.

Meldingssaker:

030

Soknepresten har ordet

Han snakka om kor mykje forandringar det har vore. Krig og aukande prisar, og uro for korleis ftamtida vert. Dette med utgangspunkt i preiketeksten henta frå Johannesevangeliet.

031

Postgjennomgang

Vi har fått post frå: Ikonnytt, Misjonstidende, Stefanusstiftelsen, Evangeliesenteret, Tro og media og Sjømannsmisjonen.

032

Idemyldring og stoff til Helgestunder.

Vi ønskjer å få inn ein stoff om open kyrkje og spørjeundersøkelse, Andreas skriv om spørjeundersøkelsen.

033

Kyrkjelydspedagog

Til stillinga som kyrkjelydspedagog er det kome tre søknadar.

Vedtaksaker:

024/22

Open kyrkje i haust

I sak 023/22 vart det vedteke open kyrkje kvar laurdag mellom 12 og 14, rådet laga ei bemanningsliste for sommeren. Soknerådet tar utgangspunkt i oppsettet og viderefører denne. Teleslynge har vore etterpurt. Den er kobla til mikrofonen. Ved å sette CD-spelaren bakerst i kyrkja vert lyden betre. Arrangementet vert lagt ut i Facebook gruppa Det skjer i Høyanger. Det må hengast opp ein ny plakate på den nye oppslagstavla ved kyrkja.

Vi ønskjer også å henge opp plakatar i samband med gudstenester. Desse må laminrast. Vi undersøker om kyrkjekontoret skriv ut og laminerar desse. Eller om det er mest praktisk at vi kjøper ei lamineringsmaskin som soknerådsleiar disponerer.

Vedtak:

Soknerådet fortset med open kyrkje kvar laurdag mellom 12-14 t.o.m. laurdag 17. desember. Bemanning av open kyrkje framover ser slik ut:

Vidar 20.08, Veronica 27.08, May-Wenche 03.09, Marit 10.09, Lars Petter 17.09.

Det skal lages ei liste over alle laurdagar fram til 22.12.22.

025/22

Steinmaleri av Arne Øyehaug

Steinmaleriet frå 1976 bør få ein meir synleg og verdig plass.

Vedtak:

Soknerådet ønsker å flytte steinmaleriet av Arne Øyehaug til våpenhuset. Marit, May Wenche og Lars Petter finn ein egna plass.

026/22

Spørjeundersøkelsen

Vedtak:

Før soknerådet kommer med et resultat av undersøkinga må svara analyseres.

Denne granskninga bør soknerådet arbeide vidare med i eit ekstraordinært møte, eventuelt fleire slike møter om det viser seg være naudsynt.

Med bakgrunn i resultatet av undersøkinga så vel soknerådet om det er grunnlag for å invitere soknet til samtale om nokre av spørsmåla i samband med ei gudsteneste.

Soknerådet tar opp igjen denne saka på neste soknerådsmøte den 21.09.22

027/22

Ukrainske og syriske flyktninger

Kyrkja i Høyanger bør få på plass tilbod til nyankomne flyktninger både frå Ukraina og Syria.

Vedtak:

Soknerådet tar kontakt med flyktningkonsulenten i Høyanger kommune for å undersøke kva tilbod som kan vere aktuelle og ønskeleg. Flyktningkonsulenten vert eventuelt invitert til neste møte i soknerådet som er onsdag 21.09.22

028/22:

Nøkkel til kyrkja.

Rådsmedlemmene har kun ein nøkkel til inngangsdøra. Soknerådet ønsker ei bedre ordning for å unngå at feil oppstår.

Vedtak:

Soknerådet ønsker å få montert ein nøkkelboks på baksiden av kyrkja, eventuelt ved sakristiinngang. Da det er det mest praktiske i samband med open kyrkje.

Soknerådet ønsker bistand frå kyrkjevevja i denne saka.

Referent

Vidar Myren